

Hovden 27 mars 2017

Til

NVE Konesesjonsavdelingen
Postboks 509 Majorstua
0301 Oslo

Eg vil med dette klaga på søknaden frå Johannes Gjerstad om konsesjon til bygging av Gjerstadfossen kraftverk.

Vedr. inntaksdamm.

24 april 2009 under kartforretning mellom Johannes Gjerstad og Frank Hovden , sto me på denne bru, der Johannes Gjerstad sa at her skulle han byggja damm. Eg svara han då at ikkje ein milimeter må du byggja, for dette vil gå utover bøen min G.nr.26 b. nr.3. Dette har eg vitne på var sakt. ,

I august-september 2010 vart enga frest opp, og nytt frø var sådd 9 sep. 2010. Dette tok seg ikkje, grunnet dårleg vær og frø. Vart sådd på nyt våren 2011.

I november 2010 ringer Johannes Gjerstad til meg, og sa at vist elva st^{ig}so har eg stengt av nede med brua , lagt måledamm. Eg ba han kåma opp, som han og gjorde.

Eg spurte han kor lenge stengsla skulle stå og fekk til svar ,eit par mnd. Eg rekna då med at den ville verta fjerna i januar 2011. Dette viste seg å ikkje vera sant.

Han var dåfullstendig klar oner at elva ville fløyma over bøen min.

Elva vaks ,og kom innover bøen fleire ganger, og fleirfoldige billass med god matjord har den vaska med seg.

Dette skulle Johannes Gjerstad ordna opp i, men som han nekta å ordna opp i .Eg viser til skriv fra Johannes Gjerstad til N V E 31 mai 2011.

På side 15 i konsesjon søknaden står det at eg PÅSTOD flom på eignedomen. Eg beviser med bilete at sli^g var det, og at dette er FAKTA.

På side 41 skriv søkjar <ras flaum erosjon INGEN ?>

Dette og meire til i søknaden er direkte usannheter.

Permanent damm oppom denne bru der måledammen var, kan eg ikkje på nokon vis tillata vert bygd her, fordi fra min bø og under denne bru ikkje er mange cm.fall.

Ser i søknaden frå Johannes Gjerstad side 17 at her skal demmastopp 1 meter .Dette vil då medføre at bøen min alltid vil vera vassfull ,då grøftene ikkje får utløp.

eg viser til skriv fra Sjefingeniør Inge Lavoll og Senioringeniør Toralf Otnes ,som var her på synfaring den 1 nov.2011,der dei skriver: Vi trur det vil vere klokt av av Johannes Gjerstad at ein eventuell konsesjonssøknad for kraftverk vert fremja med inntak nedenfor brus-fossen ,eller ~~*****~~ i alle fall arangert utan oppdemming og innsnevring av elvelaupet under brua.Sitat slutt. Viser til skriv fra N V E til Johannes Gjerstad 25 nov. 2011.Etter synfaringa. I samme brev vedr.måledammen,har Johannes Gjerstad ikkje opplyst pr. telef. til N V E om dei negative konsekvenser oppdemninga ville ha for omgjevnaden.

Når eg har sakt til han at han må rydda opp etter skaden han har påført meg, svarer han at dette kjem ikkje på tale.

Eg viser til mine brev til N V E 28 mars 2011 og 12 april 2012.

Når Johannes Gjerstad fråseiseg ansvaret med å ordna opp etter skaden,er det då Osterøy kommune som har fallrettene eller N V E som på ukorekte opplysninger fra J.Gjerstad gav samtykkje i å byggja demninga, eller er det J. Gjerstad som nekter for å gjera da? Eg vil gjerne ha svar frå Dykk på desse spørsmål.

Skulle konsesjon verta godkjent med inntaksdamm nedom brua - fossen,Ber eg om at dette må vere atterhald,først ordan opp på bøen min. Oppom brua er det heilt uaktuelt med nokon damm, det kjem ikkje på tale.

med eit fall på 178 m. vil trykke i vannføringa ikkje ha noko å sei med dammen nedanfor brua-fossen.

Sender med nokre bilete som viser fakta.fleire kan skaffast. Eg ber Dykk om å kåma på synfaring,før De tar ei avgjer i denne sak.

Med hilsen


Erling Birkeland

Hovden 5282 Lonevåg

telef.56392439

Vedr: syndefaring.

28 april 2017 er

eg oppstatt, Eg

håper at De ikke

hjem denne dagen

Hilsen E. Birkedal



Johannes Gjerstad
5282 LONEVÅG

Vår dato: **25 NOV. 2011**

Vår ref.: NVE 201102275-9 rv/toot

Arkiv: 311 /060

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Toralf Otnes

22 95 95 27

Måledam i Lonevassdraget - Varsel om at NVE vurderer å pålegge retting etter Vassressurslova § 59 - Osterøy kommune

Vi syner til vårt brev dat. 25.11.2011. "Måledam i Lonevassdraget - referat frå synfaring 01.11.2011 og NVE si vurdering".

I brevet oppmodar vi om at måledammen i Gjerstadelva vert fjerna. Vi peikar vidare på at dersom du ynskjer å framleis ha ein innretning for måling av vassføring i elva så må du sende inn ei melding om tiltak i vassdrag for konsesjonspliktvrdering hjå oss.

NVE vil med dette varsle at vi vurderer å fremje pålegg om retting, jf. vassressurslova § 59. Pålegget vil kunne innebære krav om fjerning av måledammen. Grunnlaget for eit eventuelt pålegg om retting er den skade måledammen kan påføre omgjevnadane. Måledammen har verknader for omgjevnadane som NVE ikkje hadde grunnlag for å forutsjå då samtykke vart gjeve.

Dette førehandsvarselet (jf Forvaltningslova §16) er gjeve for at du skal kunne gi oss opplysningar som du meiner er viktig i høve til saka før vi ev gjev pålegg om fjerning av måledammen.

Vi ser for oss to hovudalternativ i denne saka:

1. Måledammen vert teke bort av deg utan vidare sakshandsaming frå vår side. Vi ber om at du melder tilbake til oss om det er eit alternativ du kan akseptere og kva frist du ser som naudsynt for å gjennomføre rivingsarbeidet.
2. Måledammen vert inn til vidare ståande. Du må då innan ein nærare gjeven frist sende inn til NVE ei melding om tiltak for konsesjonspliktvrdering. Vi ber om ei tilbakemelding på om du vel å sende slik melding. I så fall bør du opplyse/grunnge kor lang frist som trengs til dette arbeidet. For opplysning om kva ei slik melding må innehalde syner vi til NVE rettleiar 1/2002 kap 3 og kap 4.1. Det må leggst ved ei berekning av kor stor/omfattande oppstuinga blir.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvøien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Frist for å melde attende svar på dei spørsmåla vi stiller over set vi til 3 veker etter brev dato. Vi legg til grunn at du startar førebuing av melding umiddelbart dersom alternativ 2 vert vald.

Med helsing

G. Brakestad

Gunnstein Brakestad
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Kopi: Osterøy kommune, Rådhuset, 5282 LONEVÅG



Johannes Gjerstad
5282 LONEVÅG

Vår dato: 10 DES. 2011
Vår ref.: NVE 201102275-11 rv/toot
Arkiv: 311 /060
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22 95 95 27

Fjerning av måledammen i Lonevassdraget - Osterøy kommune


Vi syner til brevet ditt datert 07.12.2011. I brevet gjer du greie for at du vil fjerne måledammen rett over nyttår. NVE er nøgde med at du vel denne løysinga og føreset at dammen vert fjerna seinast innan utgangen av veke 2 i 2012.

Måledammen må ikkje fjernast raskt når det er stor vassføring slik du legg opp til. Vi åtvarar mot dette då det kan føre til skade nedstrøms på grunn av at større mengder oppdemt vatn på toppen av ei frå før stor vassføring.

Måledammen må takast vekk helst ved låg vassføring og forsiktig over tid slik at ein unngår raske vassføringsendringar nedstrøms. Vi gjer merksam på at du vil verte ansvarleg for eventuelle skadar som måtte oppstå som følge av slike vassføringsendringar.

Gjer vel å melde frå til oss når dammen er teken bort.

Med helsing


Inge Lavoll
fungerande regionsjef


Toralf Otnes
senioringeniør

Kopi: Osterøy kommune, Rådhuset, 5282 LONEVÅG
Erling Birkeland, Hovden, 5282 LONEVÅG

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Erling Birkeland
Hovden
5282 LONEVÅG

Vår dato:

21 OKT 2011

Vår ref.: NVE 201102275-6 rv/jobbe

Arkiv: 311

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Jomar Bergheim

22 95 95 12

Måledam i Lonevassdraget - Innkalling til synfaring

Vi viser til tidlegare brevbyte i saka.

NVE har motteke merknader på at ein oppført måledam i Gjerstadfossen skaper ulempe for tilgrensande eigedom. Vi har tilskrive tiltakshavar Johannes Gjerstad for å få tilbakemelding på tiltaket, og fått informasjon om planlagde utbetringstiltak/avbøtande tiltak. Kopi av tilbakemeldinga ligg med til kommunen og Erling Birkeland.

Vi ynskjer no å sjå nærare på situasjonen og forslaget til avbøtande tiltak og kallar med dette inn til synfaring **tysdag 1. november kl 12:00**. Oppmøte ved måledammen.

Med helsing

B. Fossen
for Inge Lavoll
sjefingeniør

Jomar Bergheim
Jomar Bergheim
overingeniør

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør


Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Mottakarliste

Vår dato: 25 NOV 2011
Vår ref.: NVE 201102275-8 rv/toot
Arkiv: 311
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22 95 95 27

Måledam i Lonevassdraget - referat frå synfaring 01.11.2011 og NVE si vurdering

Innleiing

01.11.2011 klokka 12.00 – 13.00 vart det gjennomført ei synfaring på og like nedanfor garden til Erling Birkeland (GBnr 26/3) Til stades på synfaringa var Johannes Gjerstad, Erling Birkeland, Torbjørn Helgeland (Osterøy kommune), Inge Lavoll (NVE) og Toralf Otnes (NVE)

Bakgrunn

Johannes Gjerstad har etablert ein måledam i Gjerstadelva på Osterøy. NVE har i epost datert 15.11.2010 uttalt at det er i orden at det vert sett opp måledam i elva utan ytterlegare løyve. Johannes Gjerstad har i brev dat. 23.11.2010 til Osterøy kommune meldt om at han har tenkt å etablere dammen. Osterøy kommune har brev datert 26.11.2010 meldt tilbake om at informasjonen vert teken til orientering.

I brev datert 28.03.2011 har Erling Birkeland klaga på den oppførte demninga og hevda at dammen har ført til erosjon på innmarka hans. Han spør om ei elv kan stengast utan nabovarsel og utan å søke løyve når det går ut over annan manns eigedom.

I brev til Johannes Gjerstad har NVE påpeika tiltakshavar sitt ansvar etter Vassressurslova (vrl) §§ 5 og 47 b og etterspurd ei tilbakemelding på kva han vil gjere for å oppfylle kravet til forvaltaransvar og aktsemdplikt etter vassressurslova.

Johannes Gjerstad har i brev datert 31.05.2011 gjort greie for at han vil utbetre erosjonsskadane med tilkøyrd jord, mure kant mot elva der elvekanten er lågast, reinske lausmassar i elva, og senke overløpet i måledammen med 30 cm

NVE innkalla så i brev datert 21.10.2011 begge partane, samt Osterøy kommune til synfaring for å sjå nærare på situasjonen og framlegget til avbøtande tiltak.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Referat

Ved måledammen gjorde Johannes Gjerstad greie for tiltaket. Måledammen er bygd av tømmerstokkar kledd i presenning under ei bru, med topp ca 1,30 m over elvebotn. V- forma overløp har botn om lag 60 – 70 cm over elvebotn. Breidda mellom brukar vart oppgitt til ca 9 m. To vertikale støtter deler lysopningen over toppen av demninga i tre. Det er montert ein sonde med loggar for måling av vasstand. Det kom fram at Gjerstad har til hensikt å fremje ein konsesjonssøknad for kraftverk som medfører at ei oppdemming vert permanent, og at inntaket til kraftverket skal leggst i denne dammen.

Ved innmarka på GBnr 26/3 gjorde Erling Birkeland greie for skadar og konsekvensar som han meiner oppføringa av måledammen har påført eigedommen hans. Is og vatn har i følge Birkeland ført til erosjon på innmarka og elvekanten fordi vatnet ikkje følgjer elvelaupet rundt men går over elvebreidda og over innmarka. Heva vasstand fører til tilslamming av dreinsrør og mindre kapasitet i kulvert under vegen. Vi observerte høgda på vatnet (og is) på vegetasjonsskadar langs elva. Vasstanden har også stige så høgt nærare dammen at det ikkje let seg gjere å kome fram på landbruksvegen og velteplassen på høgre sida av elva. Birkeland overleverte nokre bilete (lagt på saka som dok 201102275-7) for å illustrere fleire flaumhendingar etter at måledammen vart bygd. Det var noko grad av usemje mellom Gjerstad og Birkeland om kor store konsekvensane er, og kor mykje som kan tilskrivast etableringa av måledammen.

Johannes Gjerstad gjorde greie for dei avbøtande tiltaka han har foreslått i brevet datert 31.05.2011. Erling Birkeland avviste at desse tiltaka vil hindre gjentakande skadehendingar, og meiner at måledammen må fjernast.

NVE si vurdering

Det er umogeleg for oss ut frå synfaringa å konkludere eintydig i kor stor grad og kor langt opp måledammen har medverka til dei skadane som er skildra. Generelt er ei slik oppdemming under ei bru uheldig fordi lysopningen blir redusert og det kan føre til at is med meir kan sette seg fast og lage ein propp. Vertikale støtter aukar også faren for proppar. Elva oppstraums måledammen er flat og heva vasspegel ved måledammen stuvar opp og hevar vasstanden eit stykke oppover elva. Dette kan vere årsak til skadane på GBnr 26/3.

Måledammen har etter vårt syn ei dårleg plassering og nokon form for oppdemming bør ikkje gjerast permanent. Vi trur det vil vere klokt av Johannes Gjerstad at ein ev konsesjonssøknad for kraftverk vert fremja med inntak nedanfor brua/fossen, eller i alle fall arrangert utan oppdemming og innsnevring av elvelaupet under brua.

NVE har samtykka til måledammen med utgangspunkt i vassressurslova. Samtykket vart gjeve ut frå opplysningar gitt pr telefon. Måledammen har større negative konsekvensar for omgjevnadane enn kva NVE kunne forutsjå på grunnlag av telefonmeldinga.

NVE vil i utgangspunktet oppmode om at måledammen vert fjerna så fort som råd for å hindre nye skadar og ulemper.

Dersom Gjerstad ynskjer å ha ein innretning i elva (dvs eksisterande dam, ein redusert dam, eller annan plassering) for å måle vassføringa må det sendast melding om dette til NVE. NVE vil då vurdere om tiltaket er konsesjonspliktig. Kva meldinga må innehalde går fram at NVE rettleiar 1/2002 ”Behandling etter vannressursloven m.v”. Vi syner særleg til kap 3 og 4.1. Det må leggst ved ei berekning av kor stor/omfattande oppstuvninga blir.


Spørsmålet om fjerning av måledammen, og krav om melding vil vi ta opp i eige brev til Gjerstad.

I utgangspunktet har vi ikkje særskilde merknader til dei avbøtande tiltaka som Gjerstad foreslår, så lenge dei i hovudsak gjeld å gjenopprette tidlegare tilstand. Til Birkeland sitt spørsmål (brev av 28.03.2011) om varslingsplikt/nabovarsel viser vi til NVE sin epost 15.11.2010 der Gjerstad vert minna på at det må meldast frå til ev andre grunneigarar/fallrettshavarar som ev vert råka. NVE kjenner ikkje til i kva grad denne varslinga er gjort i denne saka. Nabovarsling vil vel vere naudsynt i samband med ev handsaming av tiltaket etter PBL.

Andre tilhøve

På synfaringa observerte ein at det på venstre side, rett oppstraums brua var fylt/mura med stein ut i elva/heilt på elvekanten. Det kom fram at dette var ein del av nydyrkingsarbeid. Vi tok opp at Vassressurslova § 11 set krav om eit naturleg avgrensa vegetasjonsbelte langs vassdrag. I nydyrkingsforskrifta er breidda konkretisert til minst 6 m målt ved normal vassføring. NVE reknar med at kommunen tek tak i dette.

Med helsing



Gunnstein Brakestad
regionsjef



Inge Lavoll
sjefsingeniør


Mottakarar av brevet:

Navn1	Navn2	Adr1	Adr2	Post	Land
Erling Birkeland		Hovdeb		5282 LONEVÅG	
Johannes Gjerstad		Gjerstad		5282 LONEVÅG	
Osterøy kommune				5282 LONEVÅG	

Red Lake of ...









April 2011



Hovden 28 mars 2011

Til

N V E Ved J. Bergheim
Postboks 53
6801 Førde

Klage på oppført demming av elva på g. nr. 29 i Osterøy.

Då her er oppført demming i elva av Johannes Gjerstad like nedanfor mitt bruk g. nr. 26 br. nr.3 er dette ein stor ulempe for meg.

I januar februar mars har den tre ganger gått utoner bøen, no sist den 22 mars, der den då har laga krater på 70-80 ca jupn på desse. Mitt spørsmål er: Er det lov å stenge av ei elv utan nabovarsel, og utan å søke om løyve til dette, når det er midlertidig og går utover annens manns eigendom?. Demminga her stått her i ca eit halvt år.

Johannes Gjerstad har sakt at han her skal grava opp og bygge permanent demming for sitt kraftverk.

Eg vil ha Denne omgåene fjerna før tela går or jorda og ein ny flaum kjem og tar med seg meir av jorda mi.

Sender ein del bilete av elva og demmingen. Dato og årstall er feil slik at 24.10 2008 skal vere 24.03 2011.

alle er då 29 mnd etter i tid.

Eg vil og be dykk koma på synfaring snarast.

Med hilsen


Erling Birkeland

Erling Birkeland

Hovden

5282 Lonevåg

Telef. 56392439



Dato: 12.04 2012

NVE Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Referanse 201106148.

Eg er kjent med at Johannes Gjerstad har søkt NVE om konsesjon for å byggja Gjerstadfossev kraftverk, og vil hermed koma med ein del opplysninger og kommentar til dette.

I oktober-november 2010 demma Johannes Gjerstad opp elva for å laga til måledam. Her er lite fall frå min eigedom g. nr. 26 b. nr. 3 i Osterøy kommune noko som har ført til at elva har gått langt utover bøen og teke med fleire billass god matjor. Elvekanten har no kome ca to meter inn på bøen og til nulles på ca 15 til 20 meters lengde (som ein trekant)

Her er også krater på innmarka målt til 70 og 80 cm. djupe.

NVE var her på synfaring 01.11 2011 samand med 1 person frå Osterøy kommune- Johannes Gjerstad og underteikna.

Sender over kopi av dette.

Etter at her vart laga måledam, har elva også ved fleire høve fløymt over vegen som går fra Gjerstad til Hovden.

Eg kom ikkje over der med støvler, og motte gå fleire hundre meter i tett granskog for å koma fram. Dette er ein gardsveg og er for alle. (allmanaretten vil vel koma inn her.)

28.02 2012 vart dammen reven. Eg fekk telefoner frå Johannes Gjerstad denne dag om at dammen skulle byggjast opp att, og eg forsto det var for permanent bruk.

Dette vil eg på det sterkeste gå i mot, då dette vil for all ettertid øydelegge min eigedom, med tette grøfter der vatnet ikkje for renna ut, grunna oppdemt elv.

Der er rikelig plass til å byggja damm lenger ned, der det ikkje gjer skade på min eigedom. Det er heller ikkje mange høgdemeter Johannes Gjerstad/ Osterøy kommune tapar på dette.

Johannes Gjerstad sa til meg itelefon den 28.02 2012. då eg ville at han no fekk ordna opp for skaden han har påført eigedomen min desse ord: DET KJEM IKKJE PÅ TALE. les brevet han sente NVE 31.05 2011. der han vil utbetre skadene. No vil han undra seg dette. (Loøar gromt helt tongt.)

Johannes Gjerstad sa den 01.11 2011 då eg spurte han om Osterøy kommune skulle gå inn i Gjerstædføssen kraftverk som aksjoner bekreftene på det.Den 28.02 2012 i telefon spurte er rådmann i Osterøy Odd Ivar Øvregård om det samme, også han svarte bekreftene på det.Her må ein no vurdere habiliteten til Osterøy kommune.Eg vil ikkje at Osterøy kommune har noko med dammbygg eller konsesjon å gjera.

Dette er eit verna vassdrag, og for ca. 2-3 år sidan kom otera att i vassdraget, denne vart totalfreda i 1982 og er det framleis.

Fleire opplysninger med bilete kan de få ved henvendelse til underteikna.Eg håpar på ei posetiv sakshansamin, der NVE seier nei til dammbygg der måledammen var.

Med helsing


Erling Birkeland

5282 Lonevåg

telef: 56392439



Johannes Gjerstad
Gjerstad
5282 LONEVÅG

Vår dato: 11 MAI 2011
Vår ref.: NVE 201102275-4 rv/jobbe
Arkiv: 311 /060
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Jomar Bergheim
57 83 36 81

Måledam i Lonevassdraget - Ber om tilbakemelding frå tiltakshavar

NVE har motteke merknader på at ein oppført måledam i Gjerstadsfossen skaper ulempe for tilgrensande eigedom.

Vi ser det tidlegare har vore kontakt med NVE, der det vart konkludert med at det kunne setjast opp måledam utan vidare handsaming etter vassressurslova. Sjølv om tiltaket såleis ikkje er konsesjonspliktig, er vassressurslova gjeldande for tiltaket.

Etter § 5 i vassressurslova skal vassdragstiltak planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser. Etter § 47 b) er tiltakshavaren ansvarleg utan omsyn til skuld, for skade eller ulempe på eigedom eller rettighet frå eit konsesjonsfritt vassdragstiltak.

Etter det vi har fått opplyst, har måledammen ved fleire høve ført til overfløyning av innmark og veg, og til erosjonsskader på innmark. Vi ber om tilbakemelding frå Dykk som tiltakshavar om nærare vurdering av konsekvensar for tiltaket, og ev. kva De vil gjere for å oppfylle kravet til forvaltaransvar og aktsemdsplikt etter § 5 i vassressurslova.

Vi ber om slik tilbakemelding innan 1.6.2011, til NVE Region vest, Postboks 53, 6801 Førde.

Med helsing

Gunnstein Brakestad
regionsjef

Jomar Bergheim
overingeniør

Kopi: Osterøy kommune, 5282 LONEVÅG
Erling Birkeland, Hovden, 5282 LONEVÅG

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Drammensveien 211
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest

Nausdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

-1-09575

Johannes Gjerstad
5282 Lonevåg
E-post: johsgj@frisurf.no
Tlf 91817214

Gjerstad, 31. mai 2011

Til NVE

Dykkar ref NVE 201102275-4 rv/jobbe

Måledam i Lonevassdraget, tilbakemelding frå tiltakshavar

I november 2011 sette eg opp ein provisorisk måledam for å måle vassføring i elva med tanke på utbygging av småkraftverk. Måledammen vart bygd av tømmerstokkar under ei bru, med 120° V-forma overløp. Botnen i V-en er omlag 60 cm over elvebotnen, og overkant på demningen er omlag 65 cm høgare, men likevel ikkje høgare enn at det framleis var fall frå naboeigedomen og ned mot dammen. Dammen vart lagd slik for å få eit godt Thompson-overfall. 14. april vart det montert ein sonde med loggar for måling av vasstand, og det vart føreteke ei vassføringsmåling (utført av BKK produksjon ved Ingvill Stenseth). Tanken er at dammen skal stå fram til eg evt. får konsesjon, konsesjonssøknaden er snart klar til innsending.

Eg har blitt kjent med at måledammen min har ført til skade på ovanforliggjande eigedom. Dammen har ført til ei uventa oppstyving av vatnet. Sjølv om ein del av desse skadene skuldast is i elva, og problemet med erosjon har blitt forsterka av at enga var nysådd, vil eg kome med følgjande forslag til tiltak:

- Erosjonsskadene vil bli utbetra med tilkjørt jord.
- Eg vil få murt ein kant mot elva der elvekanten er lågast, samt renske opp lausmassar slik at elva kjem lågare.
- Etter at vasstanden vart målt, ser eg at overløpet på dammen kan senkast 30 cm. Det planlagte kraftverket vil ha ei maks slukeevne på 700 l/s, og det er nok at måledammen måler opp til 760 l/s.

Eg legg ved foto som viser dammen og elva der problema ligg. Foto 1 til 5 er tekne 25. mai kl 11. Då var vassføringa på Røykenes 15 m³/s, skalert til nedbørfeltet til denne elva tilsvarer det ei vassføring på 2,8 m³/s. Etter varighetskurva for Gjerstadfossen vil denne vassføringa overskridast omlag 30 dagar årleg. Foto 7 til 9 viser erosjonsproblem på innmark. Desse vart tekne 31. mai ved vassføring på omlag 900 liter/sekund, altså litt under middelvassføringa.

Så får vi vone desse tiltaka vil vere nok til at det ikkje vert meir problem med dammen.

Helsing Johannes Gjerstad